

## **Tabell A-fk**

### **Utgiftsutjamninga o.a. for fylkeskommunane 2025**

Tabellen viser utgiftsutjamninga for fylkeskommunane. Utjamninga er ei omfordeling mellom fylkeskommunar som følgje av skilnader i berekna utgiftsbehov (berekna i kolonnane 1–5) og omfordeling som følgje av korreksjonsordninga for statlege og private skular (berekna i kolonnane 6–8). Summen av utgiftsutjamninga er nytta vidare i tabell 2-fk, kolonne 2.

Utgiftsutjamninga er berekna på grunnlag av innbyggjartalet per 1. juli 2024.

#### **Kolonne 1 – Indeks for berekna utgiftsbehov**

Utrekninga av indeksen for berekna utgiftsbehov er dokumentert i tabell D-fk. Ein indeks på 1 betyr at fylkeskommunen har eit berekna utgiftsbehov likt med landsgjennomsnittet. Ein indeks på 1,1 eller 0,9 betyr at fylkeskommunen har eit berekna utgiftsbehov som er høvesvis 10 prosent høgare og 10 prosent lågare enn landsgjennomsnittet. Kolonnen er òg vist i tabell D-fk, kolonne 13.

#### **Kolonne 2 – Gjennomsnittleg berekna utgiftsbehov per innbyggjar**

Utgiftsbehovet for 2025 er på landsbasis berekna til om lag 86,880 mrd. kroner. Dette utgjer 15 593 kroner per innbyggjar, basert på innbyggjartal per 1. juli 2024.

#### **Kolonne 3 – Berekna utgiftsbehov i kroner per innbyggjar**

I kolonne 3 er gjennomsnittleg berekna utgiftsbehov på landsbasis (kolonne 2) multiplisert med indeks for berekna utgiftsbehov (kolonne 1) for kvar fylkeskommune og vist i kroner per innbyggjar.

#### **Kolonne 4 – Omfordeling per innbyggjar i fylkeskommunen**

Omfordeling per innbyggjar blir vist i kolonne 4 og kjem fram som differansen mellom kolonne 3 og kolonne 2.

#### **Kolonne 5 – Samla omfordeling for fylkeskommunen (1 000 kr)**

Omfordeling i utgiftsutjamninga, ekskl. korreksjonsordninga, blir vist i kolonne 5 og er rekna ut ved at omfordeling i kroner per innbyggjar (kolonne 4) blir multiplisert med innbyggjartalet i fylkeskommunen per 1. juli 2024 (tabell E-fk, kolonne 2).

#### **Kolonne 6 – Trekk for elevar i statlege og private skular**

Fylkeskommunane får eit trekk i rammetilskotet for elevar som går i statlege og private skular. Sjå innleiingsteksten i Grønt hefte for ein nærare gjennomgang av denne ordninga. Elevtala som ligg til grunn er gjennomsnittet av elevtala ved statlege og private skular per 1. oktober 2023 og 1. april 2024 (tal frå Kunnskapsdepartementet). Elevtala ligg i tabell E-fk i kolonne 17–20.

Tabellen under viser trekksatsane som blir nytta i korreksjonsordninga i 2025.

Treksatsane per elev for 2025:	
Vanleg undervisning	154 800
Naturbruk vidaregåande	187 500
Spesialskular	370 600
Opphald/innlosjering ved skulen	391 500

#### **Kolonne 7 – Tilbakeføring av samla trekk**

Samla trekk for alle fylkeskommunane (landssum, kolonne 6) blir ført tilbake til den einskilde fylkeskommunen etter fylkeskommunen sin del av utgiftsbehovet.

#### **Kolonne 8 – Nettoverknad av korreksjonsordninga for statlege og private skular**

Kolonne 8 viser nettoverknaden av korreksjonsordninga, dvs. summen av kolonnane 6 og 7.

#### **Kolonne 9 – Sum utgiftsutjamning**

Utgiftsutjamninga, inkl. omfordelinga for elevar i statlege og private skular, kjem fram som summen av kolonne 5 og kolonne 8. Talet blir nytta vidare i tabell 2-fk, kolonne 2, som tillegg/trekk i innbyggjartilskotet.